


Til:
Kultur- og kyrkjedepartementet



Oslo, 1.april 2007

Høyringsfråsegn om "Bibliotekreform 2014" frå Leser søker bok

1. GENERELL KOMMENTAR

I omtalen av grunnverdiane ved biblioteket, blir det lagt vekt på at tilgang til kunnskap er ein føresetnad for at individa skal kunne delta i samfunnet. Retten til deltaking gjeld sjølvsgd alle menneske, også dei som har vanskar med å tilegne seg tekst.

Leser søker bok (LSB) etterlyser at desse to opplagte poenga blir sett i direkte samanheng i bibliotekmeldinga og i biblioteklova: **Demokratiet fordrar at ein skal ha eit bibliotektilbod over alt. Av same årsak må biblioteka har eit tilbod til alle, også alle dei som har vanskar med å lese.**


2. KOMMENTARAR TIL DEI EINSKILDE FRAMLEGGJA UNDER MÅLOMRÅDE 1

1.5: Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

LSB er glade for framlegget om eit program som mellom anna skal bidra til at **"alle får eit godt tilbod, uansett leseevne"** og som skal **"tilby tilrettelagt litteratur"**. LSB vil peike på at desse delane av det føreslåtte programmet er ferdig utvikla, og berre manglar tilstrekkeleg finansiering:

Dette tiltaket syner til omtalen av LSB i 13.9. i Del II av meldinga, som konkluderer med at: *"Det er nødvendig og viktig at bibliotekarene har kunnskaper om brukernes lesevansker, og at det sørges for et tilbud av tilrettelagt litteratur. Ikke minst er det nødvendig at de tilrettelagte bøkene får den oppmerksomhet de trenger for å bli formidlet på en god måte"*. Når det gjeld leseombod (8.2.4) står det at *"det vil være viktig å videreutvikle formidlingstiltak som den leseombudsordningen Leser søker bok har etablert. Leseombud kan bidra aktivt til formidling av litteratur og opplevelse for pasienter og beboere ved både helseinstitusjoner og andre institusjoner som har behov for slike tjenester."*

LSB vil framheve at vi no har kommi svært mykje lengre enn under evalueringa meldinga syner til. Talet bibliotek med Bok til alle omtalt under punkt 13.9 er ikkje oppdatert. Det er ikkje lenger 40, men **100** bibliotek som samarbeider med LSB. **LSB dekkjer allereie bibliotek i om lag ein femtedel av norske kommunar.** Vi har også styrkt tilbodet vi gir biblioteka våre. Dei får kunnskapen, bøkene og evna og systema til å formidle bøker til svake lesarar.



Dei 100 biblioteka har vi fram til 2006 dekt med eit budsjett på under ein million kroner årleg, men tolegrensa er for lengst nådd. Derfor er vi glade for at vi i 2007 har fått prosjektmiddel frå ABM, slik at vi slapp å stogge, men heller kan utvide og forankre innsatsen.

I programframlegget blir det vidare lagt vekt på utvikling og drift av nett-tenester. LSB vil framheve at når det gjeld formidling til dei med dårleg leseevne, er det allereie utvikla "en nettbasert formidlingstjeneste". Tenesta vår, www.boksok.no, omfattar opplysningar om tilbodet av all tilrettelagd litteratur i **alle** søkbare folkebibliotekbaser i Noreg.

Vårt hovudinnspel til tiltaket under punkt 1.5 er følgjande:

- 1. Det er bra at meldinga vil styrke bibliotektiltak for dei med dårleg leseevne.**
- 2. Vidare prosjektverksemd på dette området er å slå inn dører som allereie står på vidt gap. Stadige nye rundar med ulike små forsøksprogram er særst lite effektivt. Arbeidet til LSB er evaluert og det er slått fast at formidlingstiltaka våre virker. Vi organiserer 100 norske bibliotek som kvar dag prøver ut gode tiltak. 9 av 19 fylkesbibliotek er med. Bunken av søknader om å få vere med i Bok til alle-nettverket veks kvar dag.**

Det einaste tiltaket som trengst for dei med dårleg leseevne, er altså tilstrekkjeleg finansiering av Bok til alle-arbeidet til LSB. Det trengst om lag halvannan million kroner ekstra, samanlikna med i dag. Vi syner her til søknaden for om auke i statstilskott for 2008.


1.6: Styrke biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald

Framlegget til tiltak seier at "*bibliotekene skal brukes systematisk i språkopplæringen. Det er behov for mer systematisk utviklingsarbeid og kunnskapsdeling*" og det operasjonelle målet er i 2008 "*å gjennomføre nye former for formidling*". I omtalen blir det lagt stor vekt på Det fleirspråklege bibliotek og det å tilby litteratur på morsmåla. LSB etterlyser omtale av tiltak med mål om å bidra i språkopplæring. Her er meldinga særst vag.

LSB vil syne til at dei 100 Bok til alle-biblioteka har omfattande formidlingstiltak retta mot språkopplæring og integrering av minoritetsspråklege:

- eigne hyller med bøker som kan passe
- spisskompetanse om bøker som er egna for ulike gradar av norskkunnskap
- leseombod som hjelper med å lese norsk
- lesegrupper for minoritetsspråklege
- samarbeid med vaksenopplæring, presentasjon for norskopplæringsgrupper
- samarbeid med flyktning- /asylmottak og flyktningkonsulentar
- samarbeid med organisasjonar som Røde Kors

Gjennom nettverket mellom Bok til alle-biblioteka sørgjer LSB for kunnskapsdeling på feltet. Dette burde ha vori omtalt i meldinga.



Det finst sjølvsagt ein del bibliotek som har slike tiltak utan å vere med i Bok til alle-samarbeidet. Men i det etablerte nettverket av dei 100 Bok til alle-biblioteka vil ein ikkje berre finne mange av biblioteka som satsar på dette. Ein vil dessutan ha strukturane for kunnskapsdeling, organisert av LSB, som også er den organisasjonen som står for tilbodet av og kunnskapen om av passande tilrettelagd litteratur.

Derfor er Bok til alle-nettverket den beste reidskapen for at "bibliotekene skal brukes systematisk i språkopplæringen" og å drive "mer systematisk utviklingsarbeid og kunnskapsdeling" på dette området. Framlegga til tiltak burde ha synt til dette.

Med fleire middel kan LSB gjennomføre den etterlyste systematikken. Vi kan sørge for at **alle** biblioteka våre gjennomfører ei fast rekkje formidlingstiltak. Vi kan med andre ord i 2008 t.d. garantere 110 lokale koplingar frå bibliotek til vaksenopplæring, asylmottak og frivillige organisasjonar, og vi kan garantere at biblioteka heile tida får vite om tiltak som fungerer bra hos andre. For at vi skal klare dette, syner vi også her til søknaden vår til statsbudsjettet for 2008.

1.7: Styrke bibliotektenestene i fengsla

Målet er her at "*alle insatte skal ha tilgang til bibliotektenester*". Under punkt 8.12 i Del II av meldinga, blir det lagt vekt på at "*det er flere som har lese- og skrivevansker blant innsatte i norske fengsler*". Mange har lite skulegang. Det er påvist at mange har ADHD. Det er også mange minoritetsspråklege.

Meldinga fortel at dette gir spesielle utfordringar for fengselsbiblioteka. Det er behov for inngåande kunnskap om bøkene og behova; ein innsett med ADHD treng bøker tilrettelagd på andre slags vis enn t.d. ein norsk-tyrkar. Med andre ord har fengselsbiblioteka særskild stor bruk for støtte frå LSB. Fleire fengselsbibliotek er allereie med i nettverket av Bok til alle. LSB skulle gjerne sett det presisert at behovet for tilrettelagd litteratur og kunnskap om dette er svært stort i fengsla.

Venleg helsing
Leser søker bok


Anne Marit Godal
dagleg leiar

